

Seim Bygg As  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8265 - 22/92552

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:  
06.12.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden - gbnr 172/222 Hopland**

Tiltak: Einebustad  
Byggjestad: Gbnr: 172/222  
Tiltakshavar: Anna Maria Hatland  
Ansvarleg søker: Seim Bygg As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.11.2022.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Bygget si gesimshøgd er ikkje i samsvar med reguleringsplanen si føresegn 3.1.4. Tomt 15 kan ha ei maksimal gesimshøgd på 6 meter, medan planlagt gesimshøgd er oppgitt til 7 meter. Tiltaket krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå regulert byggehøgd.
2. Det må sendast inn teikningar av mur, lengde- og tverrsnitt, der tilgrensande terreng/veg er vist. Det må gjerast greie for muren si utforming.
3. Det går fram av situasjonsplanen at mur skal plasserast i nabogrense mot nord delvis innanfor regulert byggegrense og at det skal planerast heilt ut i nabogrense mot sør. Før kommunen kan godkjenna tiltaket må det innhentast samtykke frå eigar av gbnr 172/66, eller søkjast om dispensasjon.
4. Tilkoplingspunkt og stikkleidningar for vatn og avløp må teiknast inn på situasjonsplanen. Tilkoplinga skal skje via privat leidningsnett. Rett til bruk av privat leidningsnett og etablering av leidningar over privat grunn må sikrast.
5. Eigedomen får avkøyrslle til offentleg veg via privat veg. Rett til bruk av privat veg må sikrast.
6. Eksisterande bygg på eigedomen er rive. Kortid bygget vart rive og storleiken på bygget må gjevast opp slik at vi kan vurdera om rivinga er søknadspliktig.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.01.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

**Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Dette er ikkje ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkningar i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

## Are Frøysland Grande Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

## Kopi til:

Anna Maria Hatland

Klauvarinden 28

5107 SALHUS

Mottakrar:

Seim Bygg As

Nesbrekka 28

5912 SEIM